

*Stian Hårstad*

”DET HER PÅ STEDET ALMINDELIGE HVERDAGSSPROG [...] FORVILDER BEGYNDEREN” – OM EIT TIDLEG MORSMÅLS-LÆREVERK SOM KJELDE TIL KUNNSKAP OM SPRÅKFORHOLD I TRONDHEIM OMKRING 1800

*”The local common vernacular [...] bewilders the novice” – An early literacy textbook as a source of knowledge about the linguistic situation in Trondheim around 1800*

This article discusses a teacher’s guide book that was published in Trondheim (Norway) in 1813 with the explicit purpose to help local pupils avoid ‘provincialisms’ in their writing. As an appendix to selected grammatical and orthographical accounts, the author Henrik A. Angell, a young high school teacher, included a list of examples from ‘the common vernacular’ to demonstrate which features might typically ‘bewilder the novice’. First, this material is examined with respect to its potential as documentation of the early 1800s Trondheim dialect. An overall conclusion is that although Angell’s records provide several interesting insights into the local linguistic conditions of the period, his reporting is rather inaccurate or questionable. The article argues that these shortcomings to some extent might be understood as an effect of Angell’s social position in the language community. Furthermore, Angell’s publication is put in a larger historical context, indicating that it can be regarded as the outcome of a classic purist movement which was prevalent in the Dano-Norwegian Realm around 1800.

### *1. Innleiing*

I 1813 vart det i Trondheim utgjeve eit lite skrift på 42 sider med tittelen *Ledetraad ved mundtlig Underviisning i det danske Sprogs Retskrivning for Trøndere*. Forfattar var Henrik August Angell (1788–1861), på det tidspunktet lærar ved den borgarlege realskulen i byen. I opplegg liknar boka ein god del på andre grammatikkar som vart utvikla til skulebruk i Noreg på denne tida – framfor alt Lyder Sagen sine lærebøker, Lars Oftedals *Almindelig Grammatik* (1820) og Mauritz Chr. Hanssen sine utgjevingar frå 1820-åra og framover. Alle desse verka har grammatikkar frå Danmark som tydelege føredøme, t.d. Baden (1785), Dichman<sup>1</sup> (1800) og Nissen (1801), og dei går ikkje særleg langt i å tilpasse seg til den norske konteksten sjølv om dei er tenkte for bruk i norske skular.

---

<sup>1</sup> Carl F. Dichman (1763–1806) var rett nok norskfødd, men vende seg i hovudsak mot ein dansk lesarkrins.

På dette punktet kan ein seie at Angell skil seg noko frå dei andre: Han rettar seg nemleg eksplisitt inn mot ein spesifikk regional samanheng, og dette blir altså spegla i tittelen på boka: ”for Trøndere”. I føreordet går det fram at utgjevinga er direkte motivert av klasseromsrøynsler Angell har gjort seg i heimbyen Trondheim: Han skriv at han sjølv har erfart at ”det her paa Stedet almindelige Hverdagssprog saa let forvilder Begynderen”, og boka blir gjeven ut for å auke medvitet om denne tilstanden både hjå elevane og læraren, sjølv om ho vel primært er tenkt som ei lærarrettleiing. På grunn av denne spesielle innretninga er boka interessant å sjå nærare på av fleire grunnar: For det første kan ein betrakte henne som dokumentasjon av talemålsforhold i Trondheim tidleg på 1800-talet, som elles har få kjeldebelegg. For det andre kan boka studerast som skriftspråkhistorisk vitnesbyrd på eit meir overordna plan. Angells *Ledetraad*<sup>2</sup> er omtalt av både Seip (1921:42f; 1959:49ff), Indrebø (1951:365) og Kolsrud (1974:54f), men ingen av dei går særleg djupt inn i detaljane. Denne artikkelen vil freiste å granske boka til Angell nærare. Eg ser først på den dialekthistoriske verdien av teksten, før eg så drøftar utgjevinga i ein vidare språkhistorisk og idéhistorisk samanheng. Her er eit hovudformål å sjå boka i lys av det sosiolingvistiske ”klimaet” i Trondheim på den tida ho kom ut, og eg diskuterer dessutan motivasjonen bak eit slikt læremiddel på bakgrunn av den historiske konteksten.

## 2. Kort om kunnskapen om bymåla i tidleg nytid – i Noreg og elles

Generelt kan ein seie at den tidlege europeisk talemålsforskinga – frå midten av 1800-talet og framover – langt på veg styrte unna urbane språksamfunn (jf. t.d. Kallmeyer 1987; Nuolijärvi 2001). Brorparten av forskingsinteressa vart retta mot språklege varietetar knytte til tradisjonsbundne levesett, det vil seie rurale samfunn prega av både sosial og språkleg homogenitet. Det same hovudmønsteret kan ein finne i den norske forskingstradisjonen (Mæhlum 2011), sjølv om det òg finst nokre unntak som fortener å bli løfta fram – særleg arbeida til Amund B. Larsen, som stod for banebrytande bymålsstudiar allereie omkring 1900 (t.d. Larsen 1907). Men trass i nokre heiderlege unntak viser det store bildet at bymålsstudiane var heller marginale òg i Noreg. Som elles i Europa var forskingsverksemda i monaleg grad styrt av ideologiar som diskvalifiserte urbane varietetar som studieobjekt, kort sagt fordi dei vart oppfatta som ”ureine” storleikar (Mæhlum 2011). Eit utfall av denne kulturpuristiske innstillinga var at mange sider ved dei mest komplekse

---

<sup>2</sup> I den vidare framstillinga forkortar eg den lange tittelen og brukar berre *Ledetraad* som nemning for boka.

språksamfunna våre vart liggande utforska. Seinare prosjekt, som t.d. *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS) i 1970-åra og *Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø* (UPUS) i 2000-åra (sjå nærare omtalar i Røynealand & Mæhlum 2011), har kasta lys over nyare utviklingstendensar i bysamfunna, men enno ligg mangt frå dei eldre språkstega i halvmørkeret, noko som dels skuldast mangel på relevante historiske data. Av dei norske byane er det Bergen som er best utforska språkhistorisk sett (sjå t.d. Nesse 2002; 2004), og det er særleg den fleirspråklege tilstanden i perioden 1400–1800, tida da byen var sterkt prega av å vere hanseatisk handelsbase, som har fått merksemd frå språkforskarar.

Trondheim, som òg er blant dei eldste urbane sentruma i Noreg, er derimot langt mindre granska (sjå t.d. Hårstad 2010:39f). Som eg kjem nærare inn på nedanfor, førte intensiv immigrasjon til at også Trondheim hadde vesentlege innslag av fleirspråklegheit utover på 1600- og 1700-talet, men enno er det mykje vi ikkje veit om korleis dette språkmangfaldet arta seg.<sup>3</sup> Det finst rett nok eit unikt materiale som gjev oss eit innblikk i språktilhøva i byen på slutten av 1600-talet, nemleg det omfattande manuskriptet som etter alt å dømme vart forfatta av den trondheimsfødde presten Hans Olufsen Nysted (1664–1740).<sup>4</sup> Teksten, som i hovudsak handlar om utvikling av ei rettskrivingsnorm for dansk, vart send til kong Frederik IV i 1727, og gjennom mange ulike komparative utgreiingar, som òg involverer skånsk og jysk, kjem det fram ei rekkje detaljar om det lokale talemålet i Trondheim på den tida forfattaren vaks opp, dvs. på 1670-talet. Mykje av det som seinare er skrivne om eldre trondheimssmål, og da særleg arbeid frå Arnold Dalens hand (t.d. Dalen 1991; 1993; 1999; 2006), har teke utgangspunkt i Nysteds oppskrifter. Nysted-manuskriptet – og granskingane av det – vil naturleg nok bli ein viktig bakgrunn for mine drøftingar av kva Angells bok kan seie oss om eldre trondheimssmål, sjølv om dei to døma på språkleg dokumentasjon har temmeleg ulike motivasjon.<sup>5</sup>

---

<sup>3</sup> Dörnbrack (2019) er ein av få studiar som har sett nærare på arkivmateriale som kan seie oss noko om språkforhold i Trondheim by i tidleg nytid.

<sup>4</sup> Forfattarnamnet manglar, men seinare granskarar er jamt over samde om at det må vere Nysted som er opphavsmann (jf. Dalen 2006; Henriksen 2005).

<sup>5</sup> Manuskriptet vart i 1976 utgjeve av C.C. Henriksen med tittelen *Dansk rigssprog – en beskrivelse fra 1700-tallet*.

### 3. Kort om sjølve boka og forfattaren bak

Angells *Ledetraad*, som kom i 1813, er som nemnt på litt over førti sider og vart trykt i Trondheim hjå Willum Stephanson.<sup>6</sup> Boka blir innleidd av eit kort føreord, og så følger fire hovudbolkar: ”Om Sprogets Taledede” (s. 1–10), ”Om Sætninger og Perioder” (s. 10–15), ”Om store Begyndelses-Bogstaver, om Ordenes Deling ved Enden af en Linie, og om Adskillelsetegnene” (s. 16–26) og ”Om de almindelige Retskrivings-Regler” (s. 27–39). Kvar av desse er underdelte i delkapittel eller -avdelingar, og mange av delane har i tillegg merknader i petitskrift. Etter dette (s. 40–42) kjem eit tillegg på tre sider i petitskrift som stort sett er reine ordlister ordna etter ordklasse. I listene står først den lokale forma, ”Ord, der ikke overalt ere bekiendte”, og etterpå kjem ”de mere Almindelige”, det vil seie danske former. Til kvar av ord-bolkane kjem det ein kort merknad som fleire stader rommar andre bruksdøme. Det er i hovudsak dette tillegget på tre sider som kan seie oss noko om det samtidige talemålet i Trondheim, og når eg vurderer Angell som språkleg tidsvitne, er det først og fremst på grunnlag av det han fører opp her. Alle oppføringane inngår i analysane eg har gjort, men her er det berre rom for å vise nokre utvalde detaljar. Analysen går elles ikkje inn på sjølve framstillinga av dei grammatiske fenomena, didaktiske aspekt eller Angells forhold til andre rettskrivingsforslag i samtida.<sup>7</sup>

Det er ikkje skrive nokon utførleg biografi om Henrik August Angell, så for at ein skal kunne danne seg eit litt klarare bilde av mannen bak den vesle boka, har eg sankt opplysningar frå ei rekkje kjelder.<sup>8</sup> Angell var fødd 5. mai i 1788 i Trondheim som son av kapellan (seinare stiftsprost) Jonas Angell (1742–1828) og Lydia Hagerup (1754–1814). Såleis hadde han solide røter i den trondheimske overklassa på begge sider av familien. Både Hagerup- og Angell-slekta hadde ein framskoten posisjon i byen på 1700-talet (jf. Bull 1998:282f; Schmidt 1947), og stamtreet til Henrik August Angell kan seiast å ha vore særst respektabelt etter datidas målestokk. Til liks med faren og to av brørne sine vart Henrik prest. Men etter skulegangen ved katedralskulen i Trondheim og avlagt teologisk embetseksamen i København i 1808 arbeidde han først som lærar på Trondhjems borgerlige Realskole, ein av dei første

---

<sup>6</sup> Det har elles vore vanskeleg å finne ut meir om utbreiinga og den faktiske bruken av boka, men som Seip (1959:46) skriv, kan ein neppe rekne med at ho har vore nytta i særleg grad utanfor Trondheim by.

<sup>7</sup> Det kan nemnast kort at Angell ved fleire høve viser til ”den yngre Skrivebrug” og ”den yngre Retskrivning” og dermed viser at han er fullt klar over at det er fleire normer i spel.

<sup>8</sup> Her baserer eg meg særleg på Erlandsen (1844), Thaulow (1919) og Osnes (1939–1949).

høgare skulane i riket som vart eit alternativ til latinskulen, altså katedral-skulen (Støren & Schmidt 1956:417). Her skulle ”den distingverede og fornemme Borgerstands og Embedsmænds Børn” tileigne seg:

[...] rigtige Grundsætninger og Anviisninger i de viktigste og almindeligste Deele af det Borgerlige Lives Gjenstander og Forretninger, s.s. Moralen, Naturhistorien, Økonomien, Fabrikvæsenet, Handelen, Skibsfarten, med den øvrige nationale Industri [...]

som det stod i skulens første statuttar (sitert etter Støren & Schmidt 1956:55). Det var mens han hadde denne stillinga, han skreiv og publiserte *Ledetraad*.<sup>9</sup> Året etter bokutgjevinga, i 1814, vart han kalla til si første presteteneste, i Strinda – landheradet omkring Trondheim by. I 1815 gifta han seg med grosserardottera Anna Katarina Lysholm og tok over drifta av garden Tyholt i Strinda. I september 1840 vart han innsett som sokneprest til Vår Frue kyrkje i Trondheim, og han hadde denne stillinga til han døydde i heimbyen 6. april 1861.

#### 4. Om *Ledetraad* som kjelde til kunnskap om talemålet i Trondheim

For ein stor del av dei oppskriftene vi har av lokale talemål i Noreg frå 1600- og 1700-talet, gjeld at dei er ført i pennen av innflyttarar, det vil for det meste seie skrivekunnige øvrigheitspersonar som prestar, futar og offiserar (Nes 2005:1292). Det gjer at mange oppskrifter er upresise og misvisande fordi dei har innslag av skrivarens eige talemål eller skriftspråklege variantar. Slik sett skulle ein tru at *Ledetraad* er ei meir pålitande kjelde ettersom Angell var fødd og oppvaksen i Trondheim. Som nemnt ovanfor var han djupt røtt i den trondheimske overklassa, og utover teologistudia i København er det ingen ting som tyder på at han hadde lengre opphald utanfor heimbyen.<sup>10</sup> Ein kan derfor vente at han kjende språksamfunnet godt frå innsida. Den vidare vurderinga av Angell som kjelde til lokale talemålsforhold gjer eg i to etappar: Først (i 4.1) tek eg for meg dei konkrete språklege oppskriftene som er med i *Ledetraad*, og held desse opp mot både eldre og nyare kjelder. Så (i 4.2) går

---

<sup>9</sup> At manuskriptet i hovudsak må vere utvikla seint i 1812 eller i 1813, viser språkbruksdøme som involverer historiske hendingar som Napoleons felttog i Russland (juni–oktober 1812) (s. 14 og 21) og invasjonen av Madrid (august 1812) (s. 24).

<sup>10</sup> Henrik August Angell vart immatrikulert ved universitetet i København i 1804 (Birket-Smith 1912:541) og vart dimittert som teologisk kandidat (cand.theol.) i 1808 (Engelstoft 1808:42). Det er lite å finne ut om studieåra hans, men vi må rekne med at han budde i København ialfall mykje av tida mellom 1804 og dimisjonen.

eg over til å drøfte kva plass i det språklege landskapet i Trondheim Angell kan tenkjast å ha hatt, basert på sosial tilhøyrslø og status.

#### 4.1 Hovudinntrykk av Angells dialektsmakebitar<sup>11</sup>

Overordna kan ein seie at det innblikket Angell sine nedteikningar gjev i lokale talemålsforhold, er langt meir avgrensa enn det Nysted gjev om lag hundre år tidlegare (jf. ovanfor). Dette kjem i hovudsak av den store skilnaden i omfanget på materialet, men det dreiar seg òg om ulikskapar i det ein kan kalle lingvistisk teft: Ei nærlesing av teksten til Angell viser at han jamt over er mindre grannsam og langt frå så systematisk som Nysted, sjølv om også sistnemnde er upåliteleg ved fleire høve (Dalen 2006:77f). Angell freistar i liten grad å gje att uttaledetaljar, og fordi framstillingsmåten er såpass inkonsekvent, blir det vanskeleg å slå fast kva uttale oppskriftene hans er meint å representere. Han fører t.d. opp forma <Gut> (*gut*, m.) som lokal variant av ”Dreng”, men det er uvisst om denne skal spegle uttalen /gʊt/ eller /gʊ:t/ (som begge kan vere aktuelle variantar i ein trondheimsk samanheng), ettersom han jamt over skriv lang konsonant i utlyd med éin bokstav, som i dansk elles. I ei framstilling som i så stor grad handlar om rettskriving, er det ikkje så merkeleg at lite vekt blir lagt på det lydlege, men samstundes er boka eksplisitt retta mot munnleg undervisning, og Angell trekkjer fleire stader inn uttaleforhold i det som elles handlar om ortografi. Tilhøvet mellom skrift- og tale-dimensjonen blir såleis nokså uavklart i mykje av framstillinga.

Angell viser elles tydeleg at utsynet hans er geografisk betinga: Han er klar over at det er særlege språkforhold ”her paa Stedet”, dvs. i Trondheim by, som verkar inn på bruken av dansk. Den tidvise språkblandinga han vil komme til livs, rører altså ved ein geolektisk dimensjon: Språktrekk med lokal utbreiing, ”Ord, der ikke overalt ere bekiendte”, men som høyrer til ”Stedets almindelige Hverdagssprog”, blir med inn i skriftspråket, og denne ”vor falske Udtale” må ein arbeide for å halde utanfor skrifta. Samstundes ser ein teikn til at Angell ikkje reknar alle ”Udtryk og Talemaader” i lista hans som heilt gjengs i byen: Dei blir bruka ”af en Deel her paa Stedet (dog langt fraa ikke af Alle)” (s. 40). Denne kommentaren kan i seg sjølv lesast som eit prov på lokal variasjon innanfor bysamfunnet, eller så viser han at Angell reknar nokre av døma som lågfrekvente.

---

<sup>11</sup> I den vidare framstillinga blir språklege einingar som er nøyaktig attgjevne frå *Ledetraad*, sett i enkle vinkelparentesar (◊). Så følgjer i dei fleste tilfella ein parentes med moderne, normert form i kursiv, og bak kjem eventuelle grammatiske opplysningar. Lengre sitat frå originalkjelda blir attgjevne i vanlege sitatteikn.

Det blir vidare klart at Angell har syn for lite anna enn ordnivået i døma han inkluderer. Som nemnt ordnar han tilleggsbolken etter ordklasser, og han går i liten grad eksplisitt inn på andre lingvistiske nivå. Han nemner i ein merknad at ein ”her paa Stedet” uttalar t.d. <Gata> (*gata*, best.sg.f.) ”for haardt” (s. 41), dvs. med ustemt plosiv i staden for den danske stemte lyden (’gaden’). Han er inne på det same lydlege fenomenet når han kommenterer uttalen av den labiale plosiven framom *t* i partisipp av ein del verb, som i *skabt* > *skaft* (s. 34). Her er altså ikkje utfordringa berre at lyden blir ustemt, men òg at han tidvis blir ein frikativ: ”Man vogte sig ligeledes for at udtale B som F” (s.st.). Utviklinga av sambandet *pt* til *ft* er velkjend i det trønderske talemålsområdet, og Tilset (1924:10) omtalar henne òg som ”nokso vanleg” i Trondheims granneherad Strinda tidleg på 1900-talet. Angells merknad kan altså reknast som dokumentasjon på ein samtidig uttalevariant i trondheimsmålet, som seinare har vorte langt mindre vanleg. I motsetning til Nysted har ikkje Angell fanga opp palatal uttale av lange dentalar/alveolarar. Denne uttaleendringa har gått føre seg før 1600-talet startar, og i (storparten av) manuskripta etter Nysted blir palataliteten markert med ein ’i’ etter rotvokalen (Dalen 2006:74). Det er ingen ting hjå Angell som viser medvit om dette lydlege trekket, sjølv om det er all grunn til å tru at han òg har høyrte palatale realiseringar av t.d. <Grind> (*grind*, f.), og <Kal> (*kall*, m.).

Av dei leksikalske einingane Angell fører opp som trondheimsformer, er det ingen store overraskingar samanlikna med det vi veit frå andre kjelder, sjølv om fleire av døma verkar temmeleg gammalmodige eller kanskje beint fram forelda for dagens trondheimarar. Nokre nemningar har seinare fått nytt semantisk innhald, og ein del ord kjenner vi no berre frå distrikta utanfor byen. På dette punktet ser vi altså den same tendensen som for ein del av belegga hjå Nysted: Ord som han fører opp som del av bymålet, har etter kvart vorte sjeldsynte i byen og fått bruksområdet sitt avgrensa til bygdene omkring.

Det er som nemnt få opplysningar om morfologiske detaljar å hente ut av det Angell skriv. Han er inne på at <A> ”i det daglige Sprog” blir føydd til som bestemt artikkel ”til en Deel Substantiver i Singularis”, og ”endnu et N til i Pluralis” (s. 41), dvs. *-a* og *-an*, men meir raffinert er han ikkje i omtalen av bøyingsverket. Og det ser ikkje ut til han har oppdaga koplinga mellom *a*-suffikset og det tregenussystemet som er i bruk i det lokale talemålet, heller ikkje når han kommenterer at <lita> (*lita*, adj. f.sg.) er ein ”uriktig Udtale” av ’liden’ (s.st.).

Den kanskje største bresten i oppskriftene er at det er så vanskeleg å forstå kva lydverdiar som ligg bak dei ulike notasjonsmåtane. Denne vaklinga kjem t.d. fram i omtalen av bokstaven (eller er det lyden?) ’Æ’ (s. 31–32). Forholdet mellom grafem og lyd blir aldri klart, og det er generelt mykje inkonsistens i

framstillinga. Angell brukar jamt over ein skriftrett stavemåte med (uhistorisk) *d*-innsetting som i dansk, noko som òg skuggar for faktiske uttaleforhold. At dei ortografiske konvensjonane veg tungt, ser vi elles når utlydande vokalar blir markerte med innsetting av *-e*, noko som er i tråd med rettskrivingsprinsippa han legg fram i boka (s. 27). I eit fleirstavingsord som <Qvaklerie> (*kvakleri*, n.) skal innsettinga av *e* indikere ”den betonedede Endestavelse”, men om Angell her reflekterer faktisk lokal trykkplassering eller ”ideell” trykkplassering, er uklart. Som kjent har trønderske mål tradisjonelt førsteleddstrykk i ord av denne typen, mens trykkplasseringa i tråd med dansk har kjenneteikna høgstatusvarieteteten (Hårstad 2010:150, med ref.). Det er også grunn til å tru at rettskrivingsnorma slår inn i stavinga av ord med historisk diftong. Angell legg for dagen at han kjenner til diftongar i det lokale målet (t.d. <Hein>, *hein*, m., ’brynestein’, norr. *hein*), men mange stader i teksten brukar han likevel monoftongert variant (t.d. <been>, *bein*, adj., norr. *beinn*). Det kan sjølvsagt hende at han ikkje har høyrte dei aktuelle orda uttalt med diftong, men meir truleg er stavemåten motivert av at han vil vise fram leksikalsk avvik utan å akte på uttalemessige detaljar.

Angell viser heller ikkje fram *apokopering* som systemtrekk i opp-teikningane sine.<sup>12</sup> Alle verb og substantiv der ein ville venta apokope, fører han opp i ”intakt” form, i motsetning til Nysteds systematiske markering av bortfallet (Dalen, 2006, 71ff). Det er likevel eit spor av at Angell kjenner til apokope som fenomen, for forma <Skjure> (*skjor* f.) må mest truleg forståast som eit produkt av *hyperkorrigering*. I Trøndelag har denne fuglen jamt over hatt ei einstava nemning (*sjur*, *sjor*, *sjyr* m.v.), og når Angell har sett inn ein ekstra *e*, kjem dette truleg av at han har erfaring med at tostava substantiv ofte blir avkorta i det lokale talemålet, etter mønsteret *høne* > *høn* osv. Det lokale *sjur* har han altså tolka som ei slik apokopert form, som han så har ”retta opp” ved å komplettere med ein *e*. Dermed bør heller ikkje <Skjure> reknast som ei faktisk spegling av den lokale uttalen, men i staden som eit indirekte prov på apokope.

Materialet inneheld belegg på pronomenformer som lenge har stått som typiske for bymålet, nemleg <a> som trykklett (og enklitisk) hokjønnsform og <dokkers> som possessivform i 2.pers.fl.<sup>13</sup> (jf. Dalen 1978:15). Angell nemner vidare variantane <demeses> (poss. 3.pers.fl.) og <hanses> (poss. 3.pers.sg.m.), som båe må seiast å vere heller uvanlege. Nysted fører opp forma ’dæmmers’

<sup>12</sup> Det er rett nok mogleg å sjå teikn på apokopering i to samanhengar: Det eine gjeld bortfall av endingsvokal i nokre få fleirtalsformer som <Gatan> og <Dørran> (*gatene* og *dørene*). Det andre gjeld bortfall av vokal i komposita som <Bringbær> (*bringebær*, n.) og <Regntavla> (*reknetavla*, f.best.sg.).

<sup>13</sup> Merkeleg nok blir både <dokkers> og <demeses> omsett med <deres>, sjølv om det første dømet egentleg skulle tilsvare det danske *eders* (ev. *jeres/jers*), altså 2.pers.pl.



(Henriksen 1976:373), som òg er den mest vanlege i moderne tid, men vi skal ikkje sjå heilt bort frå at fleire variantar kan ha vore i bruk på Angells tid. Vidare listar Angell opp dei velkjende pronomenformene <æ> og <dæ>, mens dei eldre variantane med *g* (*æg, dæg* osv.), som Nysted nemner frå 1600-talet, ikkje er med. Angell dokumenterer òg at <dem> blir bruka som pronomenform i subjektsposisjon (3.pers.pl.), noko han stiller seg tydeleg kritisk til.

Sett under eitt er ikkje det dialekthistoriske utbyttet av teksten til Angell akkurat storfelt. Teksten bidreg med interessante belegg på ein del leksem og andre trekk som antydgar visse utviklingslinjer i bymålet i Trondheim, men elles er framstillinga hans jamt over for knapp og upresis til å kunne gje oss sikker dokumentasjon av meir overordna strukturar. Det er ei rekkje språkdrag som ikkje blir femna, og det som er med, må granskast med monalege atterhald, ikkje minst fordi forfattaren er så tydeleg prega av skriftkonvensjonar i notasjonsmåten sin. Dette gjer det særleg vanskeleg å hente ut pålitande *fonologiske* belegg frå materialet, og mangstad blir det rein gissing korleis stavemåten kan henge saman med lokal uttale. Men med tanke på at materialet berre er eit kortfatta appendiks til eit skriftstykk som primært handlar om ortografi, bør ein heller ikkje gå for langt i å klandre den 25-årige teologiske kandidaten. Etter det vi veit, hadde han minimalt med språkvitskapleg skulering, og han hadde elles få modelltekstar å sjå etter i samtida, utover skulegrammatikkane han sjølv nemner. Når ein kan påpeike så pass store manglar, heng det altså delvis saman med at Angell ikkje var skarpskodd nok lingvistisk sett. Men sjølv om ein kan tenkje seg gode unnskyldningar for dei mange brestene, er det òg grunn til å undrast på om Angell i det heile hadde djup nok kjennskap til lokale talemålsformer, i den forstand at han meistra dei fullt ut sjølv. Dette gjer ikkje utgjevinga mindre interessant. Tvert imot er det grunn til å forfølge denne tanken nærare for å sjå på kva boka *indirekte* byr på av innsikter i det trondheimske språksamfunnet.

#### 4.2 Språkbrukaren Angell og språksamfunnet Trondheim

Ovanfor gjekk eg langt i å utrope Henrik August Angell til rotekte trondheimar, og å antyde at han slik sett har eit vesentleg potensial som kjelde til bymålet i samtida. Dét stemmer nok i stor grad, men eg vil i denne bolken gå vidare i argumentasjonen om at Angell ikkje nødvendigvis hadde full tilgang til det som kan kallast folkeleg trondheimsmaal, det han sjølv omtalte som ”det almindelige Hverdagssprog”. Dette grunngjev eg kort sagt med at han primært hørde til ei samfunnsgruppe som utover på 1700-talet skilte seg vesentleg frå det breie lag av folket – også språkleg. Kanskje var han ikkje ”almindelig” nok til å meistre denne varieteteten i full mon. Inventaret i Angells

språklege repertoar kjem vi aldri til å få full kjennskap til, men i den følgjande diskusjonen vil eg likevel bruke individet Angell som ein slags *case* for å kaste lys over den sosiolingvistiske tilstanden i Trondheim omkring 1800. Formålet med dette er å komme til ei betre forståing av kvifor *Ledetraad* i det heile vart forfatta og utgjeven.

#### 4.2.1 Sosiolingvistiske utviklingsliner i Noreg fram mot Angells tid

Korleis ei aukande samfunnsmessig stratifisering, der mange i dei øvre sjikta hadde sterke band til Danmark, eventuelt spegla seg i språklege skilnader innanfor spekteret av dansk-norsk utover på 1500- og 1600-talet, har vi lite systematisk dokumentasjon av (Sandøy 2018a). Iversen (1921:288) skildrar ein relativt homogen tilstand i dei første tiåra av 1600-talet og slår fast at jamvel ”de høieste stender i Norge” i det vesentlege snakka norsk. Men det er grunn til å tru at denne situasjonen endra seg ein god del i bysamfunna i løpet av dei to følgjande hundreåra (jf. Hoel 1996:32f). Sandøy (2018a:210) reknar med at det norske borgarskapet og norske embetsmenn utover 1700-talet begynte å legge seg til ein *høgtidstale*, som var kimen til den høgstatusvarieteteten ein kjenner som ”den dannede dagligtale” frå 1800-talet (jf. Knudsen 1856; Bugge 2018:232). Mellom anna utpeikar Seip (1959:70) den siste halvdelen av 1700-talet ”[...] som den tid da grunnen ble lagt til en talenorm av riksmålet”.

Vi kan altså sjå for oss at det i løpet av eit par hundreår etter 1600 vaks fram meir eller mindre fokuserte sosiolektar innanfor dei største byane, som etter kvart vart oppfatta som ei grunnleggande tvingreining mellom ”gate-språk”, ”folkeleg bymål” eller ”vulgær-språk” på ei side og ”høgare talemål” eller ”danna tale” på den andre (jf. Sandøy 1989). Attåt dette kan ein rekne eit særleg formelt og skriftspråksnært talemålsregister, eit ”høgtidssmål”, som vart nytta i offisielle samanhengar, i taler og jamvel òg i undervisning (Hoel 1996:33f.). Hå grammatikaren Baden (1785:1) kan vi finne omtale av ei tilsvarende inndeling – vel å merke av det danske språksamfunnet: Éin varietet blir bruka av ”den gemene Mand”, og vidare finst ”den Velopdragnes Udtale i det borgerlige Liv” og så ”den offentlige Talers” varietet (jf. Indrebø 1951:387)<sup>14</sup>. Ei liknande stratifisering kan vi lese ut av norske kjelder frå same tida, t.d. skulemannen Kristian Kølle (1736–1814) som i sine skrifter om eit temmeleg radikalt rettskrivingsprogram skil mellom 1) dialektar, 2) det språket som er brukeleg ”blant fornemme og studerede Folk, naar de taler

---

<sup>14</sup> Som Pedersen (2005:179) nemner, er ei liknande tregreining omtalt i mange skildringar av det danske språksamfunnet framover mot 1800.

med Beskjedentlighed”, og 3) ”Høitidssproget” (etter Seip, 1916:136f). Hans Monsen Winsnes (1739–1813), ein ”Regimentsqvartermester” som i 1807 gjev ut ei merkeleg kåserande grammatisk utgreiing om ”Tvillingfolkets Sprog”, skil på same vis mellom folkemålet (dialektane), språket i ”den bedste selskabelige Omgang” (1807:25) og ”god, høitidelig Tale” (s.st.:238), som ligg særst tett innpå skriftspråket (jf. Seip 1921:32f.; 1959:39).

Det er rett nok vanskeleg å påvise tydelege sosiolektiske variasjonsmønster i byane i det materialet som finst frå første del av 1700-talet (Sandøy 2018b:189). Ein støyter på verdiutsegner som viser medvit om at noko er ”finare”, ”propert” eller ”sirleg” språk, men dei språklege skilnadene ein kjenner frå seinare tid, må altså i all hovudsak ha vakse fram i den siste delen av hundreåret, og truleg må ein sjå utviklinga i samanheng med korleis ”dei kondisjonerte klassene” tedde seg i denne perioden. Som Iversen (1921:290) framhevar, må dei sosiale forholda ligge til rette for at ei nokolunde fast talemålsnorm skal kunne utvikle seg: ”[Der kreves] et nogenlunde festnet socialt miljø, et samfundslag med en viss tids ’innavl’, med det samme kulturinnhold, og med felles tradisjoner.” Ein slik samfunnstilstand meiner han ikkje var til stades i perioden han sjølv undersøker (fram til 1630), men i løpet av dei neste par hundre åra skjer det mykje i denne retninga i dei største byane.

Gjennom 1700-talet vart det fleire og fleire i embetsstanden og storborgarskapet som hadde norskfødd bakgrunn, og som derfor lærte dei grunnleggande uttalevanane sine i norske omgjevnader (Torp & Vikør 1993:128). Truleg er det dette segmentet som i takt med den sosiale oppstigninga gjekk over til ein språkbruk som låg meir eller mindre tett inntil skriftspråket, og som etter kvart vart til ein høgstatusvarietet med ulike lokale særdrag.

Eit viktig bakteppe for denne utviklinga er framveksten av ei meir fokusert skriftnorm for dansk, som var eit sentralt prosjekt gjennom 1600- og 1700-talet (Skautrup 1953:162f). I mykje av denne perioden var tysk prestisjespråket, men samstundes auka tilslutninga til tanken om at dansk måtte kunne få ein meir jamstilt plass som bruksspråk i skriftkulturen generelt (s.st.: 130).<sup>15</sup> Hyvik (2009:48ff) omtaler fleire tendensar til at dansken vart tatt meir i bruk utover på 1700-talet, men den kanskje viktigaste statusendringa var det ideologiske skiftet som innebar at dansk i mykje større grad vart tilskrive ein eigenverdi. Men viss morsmålet skulle latast inn i den nokså nyskipa skriftlege offentlegheita, var det sjølv sagt behov for ei rettskrivingsnorm. Teikn til ein standardiseringsideologi hadde ein funne i det danske språksamfunnet sidan 1500-talet (Pedersen 2009:52), men diskusjonen om språkleg unifisering skaut særleg fart i samband med skuleforordningane på 1700-talet.

---

<sup>15</sup> Manuskriptet Hans O. Nysted sendte til kongen i 1727 (jf. ovanfor), må sjåast som eit bidrag til prosessen med å oppvurdere det som var morsmålet til danskar flest.

Allereie i latinskuleforordninga av 1739 vart det forlanga at elevane skulle meistre den ”gode og brugelige Orthographie” (Jacobsen 2010:65), men det avgjerande tilskuvet til ei einskapleg norm gav Ove Høegh-Guldberg da han i 1772 tok over som statsleiar og la tydeleg vekt på *danskhed* i mykje av politikken sin (Hyvik 2009:45ff).

Med Høegh-Guldberg som ein sentral bakmann vart det i kongeleg latinskuleforordning av 11. mai 1775 for første gong fastsett mål for danskundervisninga, og det gjekk fram at elevane skulle ”blive det Danske som Fædernelandets Sprog mægtig, tale og skrive samme rigtig” (etter Jacobsen 2010:68). Som normgrunnlag nemnde forordninga mellom anna ”En samling af berømmelige og gode Danskes, og Norskes, og Holsteiners Handlinger, hvilken skal besørages udgiven” (s.st.). To år seinare, i 1777, vart boka *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* utgjeven, forfatta av Ove Malling, og denne kom til å fungere som ortografisk rettesnor over heile riket, sjølv om det ikkje var noka rettskrivingsordbok i eigentleg forstand (s.st.:70). Omkring 1800 kan ein dermed seie at ei rettskrivingsnorm var etablert for alle domene der dansk var i bruk (Pedersen 2009:57), og ei slik einskapleg og autoritativ norm – saman med korrektheitsideologien ho var omgjeven av – var ein føresetnad for utviklinga av ei *talespråkleg* prestisjenorm (Pedersen 2005).

Som Hoel (1996:34) peikar på, kan det sjå ut til at denne prestisjenorma i Noreg stod sterkare i embetsstanden enn i overklassa elles. Embetsmennene hadde jamt over lang utdanning (i hovudsak frå København), og denne erfaringa bidrog truleg til å gjere rett språk viktigare som statussymbol for det ein kan kalle dannelsborgarskapet, enn for næringsborgarskapet (Torp & Vikør 1993:134). For den sistnemnde høgstatusgruppa var økonomisk kapital viktigare enn kulturell kapital, og dét kan forklare kvifor talemålet til handelspatrisiatet tidvis var meir prega av lokal dialekt. Men jamt over kan vi rekne med at dansk (eller dansklik) tale i løpet av 1700-talet vart ”eit kulturkjennerke for betre folk”, som Kolsrud (1921:87) seier det.

#### 4.2.2 Det trondheimske ”språkklimaet” på 1700-talet

Korleis finn vi så att desse utviklingslinjene i Trondheim? Som fleire historikarar peikar på, hadde Trondheim mot slutten av 1700-talet vorte eit strengt lagdelt samfunn (jf. Mykland 1955:27f.; Supphellen 1997:359). Dei høgare samfunnslaga bestod i stor mon av etterkommarar av immigrantar som sidan om lag midt på 1600-talet hadde komme frå m.a. Danmark, England, Sverige og nordtyske område. I 1659 er det t.d. beskrive korleis nesten alle tenestemenn i og rundt byen var danske (Sandøy 2018a:209), og av alle dei som tok

borgarbrev i Trondheim på 1700-talet, kom meir enn ein firedel frå andre land (Sogner 1962:440). Særleg var det innflyttarar frå Flensburg, heilt sør i det dansk-norske riket, som kom til å dominere den høgare standen i byen (Supphellen 1997:353). Og slekta til Henrik August Angell, som stamma frå nettopp Angeln, opplandet til Flensburg by, var mellom dei mest velstående av desse.

Driftige innflyttarar frå fleire land bidrog sterkt til at Trondheim opplevde stor næringsvekst i løpet av 1700-talet, i hovudsak med basis i naturressursar som trelast, fisk og kopparmalm. Men det førte òg til at sosioøkonomiske skiljelinjer snart følgde kulturelle motsetningar: Fram mot 1800, da byen hadde omkring 9000 innbyggjarar,<sup>16</sup> hadde det etablert seg eit mønster der dei lågare sosiale laga – tenestefolk, handverkssveinar og andre arbeidarar – for ein stor del var ”heiltrønderske”, mens storparten av overklassa hadde rot i eller var tett knytt til eit framandt kulturmiljø (Sogner 1962:449). Ifølgje Supphellen (1997:355) viser kjeldene få spor av konflikhtar som har sin bakgrunn i denne motsetninga, og vi veit heller ikkje så mykje om kva rolle språklege skilnader spela i dette. Den omfattande innflyttinga som tok til på 1600-talet, må ha ført med seg ulike former for individuell kodeveksling eller -blanding, men om det fanst kjennelege variasjonsmønster innanfor det dansk-norske, veit vi lite om. Dalen (2006:68) ser ikkje bort frå at det kan ha funnest noko sosialt betinga språkleg variasjon i Trondheim òg allereie på 1600-talet, men han meiner at det er først når ein kjem inn på 1800-talet at ein kan snakke om ei merkbar sosiolektal kløyving mellom eit ”fintrøndersk”, ein prestisjeladd varietet med tydeleg påverknad frå skriftspråket – delvis via ”høgtidsspråket” – og eit ”breittrøndersk”, ein variant som viser klare samband med (men òg kontrastar til) andre trønderske dialektar (Dalen 2008:75). I manuskriptet etter Hans Olufsen Nysted er det belegg som kan tolkast som spor av lokal variasjon frå slutten av 1600-talet, men det er lite av dette som blir eintydig kopla til ein sosial dimensjon. Nysted nemner at bymålet ”har lempet sig efter Dansken i mange Ord” (Henriksen 1976:578), og det blir klart at han reknar københavnsk uttale som normgjevande (Dalen 2006:66). Såleis antydar Nysted indirekte kva han oppfattar som den primære retninga i dei språklege tilpassingane, og dermed òg dei innbyrdes prestisjeforholda mellom ulike varietetar. Men bildet han teiknar av språktilstanden i Trondheim seint på 1600-talet, rommar ikkje markante sosiolektiske skiljelinjer, og etter alt å

---

<sup>16</sup> Folketeljinga frå 1801 viser at Trondheim hadde ein folkesetnad på 8846 (jf. Supphellen 1997:350).

dømme bruka Nysted, som sjølv var av borgarleg familie, det lokale talemålet på linje med byfolket elles (Dalen 2006:68).<sup>17</sup>

Hundre år seinare går det altså føre seg ei sosial omstrukturering av Trondheim som legg nye premissar for den sosiolingvistiske tilstanden. Ein sentral dimensjon er den aukande sosioøkonomiske differensieringa som allereie er nemnt (jf. Supphellen 1997:355ff). Utover i siste halvdel av 1700-talet kan ein treffe på ei markert lagdeling, og i fleire kjelder kjem det fram kor viktig det var for det samfunnsmessige toppsjiktet å markere posisjonen sin. Utskiljinga frå dei ringare stendene gav seg mellom anna utslag i meir ekstravagant forbruk, kjøp av fornemme titlar og ikkje minst eit eksklusivt selskapsliv (s.st.:306ff). På 1770-talet hadde det vorte ein del av den trondheimske elitens livsstil å treffast med sine eigne, ikkje berre på særskilte merkedagar, men som ei jamleg markering av velstandsnivå og status. Som Mykland (1955:36f) gjer greie for, hadde byen ingen offentlege møteplassar der folk av ulike stender pleidde sosial omgang. Både i arbeidslivet og elles var standskilja skarpe. Denne utskiljinga vart òg synleg i fysisk forstand, for i løpet av 1760- og 1770-åra fekk Trondheim sitt første rikmannsstrøk (Sogner 1962:386f). Eit anna utslag av dei nye omgangsformene var framveksten av ulike klubbsselskap (s.st.:509). Ein sentral aktør i innstiftinga av klubbar var den danskfødde professoren Laurids Smith, rektor ved katedralskulen i perioden 1781–1785. I breva han etterlét seg, får vi mange innblikk i dei sosiale strukturane i Trondheim på denne tida, og det går mellom anna fram at Smith er harm over posisjonen til dei aller rikaste: ”Throndhjem er en By, hvor Penge og Rang udgjøre al Værdighed” (Smith 1946:90).

Ei anna kjelde som fortel mykje om livet i dei høgare sosiale bymiljøa omkring 1800, er overklassekvinnna Conradine Dunker (1780–1866). Ho flytta med familien sin frå Christiania til Trondheim i 1831 og budde der som direktørfrue til 1857. Ho etterlét seg ei mengd med brev, og der gjev ho uttrykk for at Trondheim – frå synsvinkelen til Christianias kondisjonerte – rangerte noko under hovudstaden i dannelsingsnivå, òg språkleg sett. Likevel blir det klart at Trondheims sosiale elite òg var høgt respektert og hadde godt ry – ikkje minst på grunn av det overdådige selskapslivet.<sup>18</sup> Rett etter flyttinga til Trondheim i 1831 skriv Dunker t.d. begeistra om den trondheimske *beaumonde*, det ho skjelmisk definerer som ”alle de som have mere end de spise op” (Landmark 1925:132). Sjølv om ho vedgår at Trondheim er eit lite

---

<sup>17</sup> Henriksen (1976:98) meiner rett nok at Nysted ikkje hadde norsk som morsmål, men det er vanskeleg å forstå at han kunne ha så detaljert forståing av den lokale varieteteten om han ikkje hadde – iallfall stordelen av – dette formverket i sitt eige talemålsregister (jf. Dalen 2006:68).

<sup>18</sup> Det går forresten fram av eit brev frå Conradine Dunker at ho og Henrik August Angell var på same fest i Klubselskabet Harmonien vinteren 1855 (Dunker 1903:42).

– og tidvis keisamt – bysamfunn, finn ho seg godt til rette i den sosiale eliten der. Dette kan vi forstå som at Christianias overklasse hadde eit lett attkjennande motstykke i Trondheim når det gjaldt kulturelle omgangsformer. Dunker kommenterer òg hyppig *språket* som kulturell omgangsform. Wiggen (2004) har studert merknadene hennar og meiner å kunne sjå at i både Christiania og Trondheim hadde dei kondisjonerte miljøa tidleg på 1800-talet eit talemål som skilde seg tydeleg frå målet til folk flest: ”Talespråklig er det de dannede kretsers høgkøbenhavnske som framstår som dannelsens språk” (s.st.:23). Dette treng sjølvstykke ikkje bety at dei kondisjonerte i dei to byane var fullstendig unisone på alle punkt, men som Wiggen (s.st.:19) påpeikar, hadde dei det til felles at dei såg på språkbruken til vanlege byfolk og bønder som noko å le og gjere narr av. Det må altså ha vore ein kjenneleg språkleg avstand mellom denne sosiale eliten og dei lågare klassene i tiåra omkring 1800, sjølv om avstanden nok arta seg på ymsande vis i ulike byar og miljø. Det vesentlege ein kan trekkje ut av slike samtidige notat, er at det var ein monaleg statusskilnad mellom det dei kondisjonerte miljøet kalla ”vort eget Sprog”, og alt som vi i dag vil kalle dialektalt.

#### 4.2.3 Angell som trondheimsk språkbrukar

Om vi så skal sjå enkeltpersonen Henrik August Angell på bakgrunn av dette, blir det klart at han må kunne seiast å ha vore del av den trondheimske *beau-monde*. Eg har allereie slått fast at han var av ei slekt som var mellom dei mest kapitalsterke i heile Noreg på 1600- og 1700-talet (Supphellen 1997:293f.). Han var etterkommar av Lorentz Mortensen Angell (1626–1697) som kom flyttande frå Slesvig til Trondheim omkring 1650. Av den store etterslekta hans (han fekk 17 barn og 108 barnebarn) var det mange som utan tvil hørde til den sosiale eliten. Ein del heldt fram som kjøpmenn og kapitalistar, men ein ser òg ei viss dreining i retning dannelsingsborgarskap. Allereie i dei første slektsledda var det fleire søner som fekk høve til å studere i København, og utover på 1700-talet er det mange Angell-ætlingar som blir høgtstående embetsmenn, som kanselliråd, etatsråd og stiftsprost (jf. Schmidt 1947). Eit døme på det siste er far til Henrik, Jonas Angell (1742–1828). Han var residerande kapellan i domkyrkja i 27 år (1771–1798), og samtidige kjelder går langt i å antyde at den solide privatøkonomien hans gjorde at han ikkje følte trong til å søkje seg til ein meir innbringande post (Smith 1946:84). Frå 1798 var Jonas Angell sokneprest i domkyrkja, og så vart han frå 1808 stiftsprost. Henrik vaks altså opp i ein velstående embetsmannheim i det tradisjonsrike kjøpmannsstrøket i byen, med ein boklærd far som mest truleg nytta det tidlegare nemnte ”høgtidsspråket” i mange samanhengar i stillinga si, slik

prestar var forventet å gjere på 1700-talet (jf. Halse 2011:29f). Mora, Lydia Hagerup, budde dei første leveåra i Skoger utanfor Drammen (Weidling 2000:185), men flytta tidleg til Trondheim, der slekta hennar lenge hadde hatt ein framstående posisjon. Både Hagerup- og Angell-familien var som nemnt del av eit høgstatussjikt med nære band til Danmark – både gjennom slekt, handelssamband og akademiske studium<sup>19</sup> – og med høg grad av kjennskap av den stadig meir einskaplege skriftnorma. Til liks med brørne gjekk Henrik August på katedralskulen, der berre eit lite knippe av privilegerte ungdommar – i 1800 var talet på elevar 32 (Erichsen 1911:259) – las under oppsyn av lektorar som for ein stor del var av dansk ætt eller hadde studert i København (eller bae delane). Som følgje av innskjerpingar i opptakskrava omtrent på midten av 1700-talet vart den sosial samansetninga av latinskuleelevane stadig meir einsarta (Aase 2002:186). I 1756 vart det sagt beint fram at for mange fattige elevar sette skulen i vanry, og det vart stilt nye krav for å sikre at ”skikkelige, fornemme, formuende og Velhavende Folk kunde faae Lyst at sætte deres Børn derhen til Underviisning” (s.st.). Dette gjorde at innslaget av ungar frå dei lågare stendene vart minimalt.

Det finst vitnesbyrd frå 1730-åra om at lokalt talemål vart nytta òg i undervisninga på katedralskulen i Trondheim (Seip 1959:67), men seinare i hundreåret vart dette meir sjeldsynt. Framhevinga av ei høgstatusnorm vart særleg tydeleg da rektor Benjamin Dass (1706–1775) i sin skuleplan (frå 1734) føreskreiv at elevane, ”Disciplene”, skulle skrive ”ret og skikkelig” dansk når dei omsette frå latin (Erichsen 1911:159). Dette kan ein sjå som opptakta til ein korrektheitstankegang som fekk stadig sterkare fotfeste i skuleforordningane utover på 1700-talet (jf. ovanfor). Instruksjonen frå 1739 påla lærarane å ”lære [alle Børn] at lese reeligt og reent i Bøger”<sup>20</sup> (NLI 1988 [1739]:6), og i fleire samanhengar blir det tydeleg at den språkbruken som blir oppvurdert i skulesamheng, er det ”høgare” talemålet, mens talemålet til elevane generelt vart sett ned på (Hyvik 2009:101). I denne forskrifta var det faktisk òg opna for øving av *munnleg* dansk, i det som var kalla ”Orationer”, altså formelle talar (Aase 2002:31). Gjennom eit reskript frå 1769 vart norske latinskular pålagde å halde slike orasjonar fire gonger i året, to på morsmålet og to på latin (Erichsen 1911:213). Elevane skulle sjølve utarbeide tekstane, ”dog under lærerens opsyn, som vaager over sprogets

---

<sup>19</sup> Som Bull (2014:10) omtaler, var ikkje studieopphaldet i København alltid så langt, for mange las til eksamen heime i Noreg, men noko tid i København måtte dei ha. Det å opphalde seg ei stund i København var dessutan viktig med tanke på å få tilgjenge til ledige embete.

<sup>20</sup> Med ”reeligt [ein variant av ’redeligt’] og reent” må vi forstå ”tydeleg, klart, ordentleg”. Som Skjelbred (2010:27) peikar på, ligg det i dette ein tanke om at lesinga skulle skje utan at eleven stava først.



korrekthet”, som Erichsen (s.st.) formulerer det, og så skulle dei lærast utanboks før framføringa. Slik vart altså innprentinga av standardspråket ei sak for både det skriftlege og det munnlege domenet. Denne ordninga vart rett nok endra gjennom skuleforordninga frå 1775, men standardnorma vart ikkje mindre sentral i undervisninga på katedralskulen etter dette. Tvert om: Med Ove Mallings bestillingsverk som leiestjerne vart korrekt dansk eit enda viktigare ideal. Heretter skulle stilskrivinga skje på morsmålet, altså dansk, og dansk fekk jamt over fullt innpass som undervisningsspråk. Vi veit at Mallings bok raskt vart teken i bruk i skulane i Trondheim (Aase 2002:36), og i 1792 fekk katedralskulen jamvel ein eigen lærar i rettskriving, ein ”skrivemeister” (Erichsen 1911:272).

I Henrik August Angells tid på katedralskulen var Johan Fredrik Holst (1745–1813) styrar (konrektor frå 1781 og konstituert rektor frå 1800). Holst, som var fødd i Danmark, underviste mellom anna i ”korrekt god skrivemaate i fædrelandets sprog” (s.st.:258). Danskfødd var òg Niels Hofman Sevel Bloch (1761–1829) som var medstyrar (konrektor) i perioden 1802–1806, da Henrik August vart uteksaminert. Av dei andre lærarane på denne tida var så godt som alle dimitterte frå nettopp katedralskulen i Trondheim, og dei kan dermed seiast å vere produkt av den danningstradisjonen dei sjølve bar vidare, med korrekt språk som eit viktig læringsideal – innprenta av ein danskfødd rektor.<sup>21</sup> Etternamn som Midelfart, Koefoed og Qvale seier dessutan noko om kva sosial bakgrunn og posisjon lærarane hadde.

Unge Henrik August Angell fekk sjølv sagt språkleg innputt frå fleire enn lærarane ved katedralskulen, men det er liten tvil om at dette miljøet må ha hatt ei særleg påverknadskraft gjennom den sterke dyrkinga og innprentinga av ei prestisjenorm. Kva språkleg praksis som generelt vart oppvurdert i det stadig meir inngripande skuleverket, kan ein òg lese ut av den pedagogisk interesserte presten Frederik Plums *Haandbog for Lærere og Opsynmænd ved Borger- og Almueskolerne* frå 1802. Denne boka må ein rekne med vart mykje bruka i norske skular (Hyvik 2009:101), og språksynet som blir forfekta der, står eintydig opp om standardspråket:

Læreren maa begynde at rette Urigtighederne i Børnenes Tale og Sprog. Det Sprog Børn af Almuen, især paa Landet, have lært hiemme, er i Almindelighed saa urigtigt, og saa forskielligt fra det, der bør tales i Skolen, at de hvert Øieblik maatte misforstaae Læreren, om han ikke strax søge at rette det. (Plum 1802:135, etter Seip 1959:40)

---

<sup>21</sup> Da Gerhard Schøning gjekk av som rektor ved katedralskulen i 1765, starta ei rekkje på fem rektorar som alle var fødde i Danmark. Som Erichsen (1911:202) skriv, kom Trondheims latinskule på denne måten i langt tettare kontakt med skuleverda elles, i første omgang gjaldt det naturlegvis utviklinga som skjedde på utdanningsfeltet i Danmark.

Den høgstatusnorma som blir løfta fram her, hadde frå siste delen av 1700-talet vorte ein essensiell del av den kulturelle kapitalen i det dansk-norske riket (jf. Pedersen 2005). I dei kondisjonerte miljøa i dei større byane var dette langt på veg den einaste gangbare språklege praksisen, og sjølv om homogeniteten til denne norma nok ikkje bør overdrivast, hadde det høgkøbenhavnske talemålsidealet breidd seg på nokså få tiår og fått stor symboltyngd for den som var – eller ville vere – del av ein danna elite, ein *Bildungsbürgertum*.

Mot dette bakteppet står det for meg som lite truleg at ein trondheimsborgar som Henrik August Angell var fullt ut fortruleg med det folkelege bymålet. Som oppvaksen i byen hadde han utan tvil god innsikt i den språklege variasjonsbreidda som fanst der, men mykje talar for at ein ung mann med denne bakgrunnen rett og slett må ha gått gjennom ei anna språkleg sosialisering enn det t.d. Hans Olufsen Nysted gjorde om lag 100 år tidlegare, kort sagt fordi det språklege ”klimaet” var monaleg endra frå 1700 til 1800. Som eg har vore inne på ovanfor, kan ein rekne med mindre språkleg lagdeling i 1600-talets Trondheim, sjølv om det òg må ha vore mange former for språkblanding og -veksling å høyre. Mellom anna reknar Dalen (2006:68) med at Nysteds ungdomsgenerasjon samla seg om eit folkeleg bymål i omgang med jamaldringar, enda mange hadde dansk familiebakgrunn og vonleg bruka ei slags dansk-norsk legering som heimemål. Da Henrik August Angell var tenåring omkring år 1800, var situasjonen annleis, og den generasjonen av overklasseungar som Henrik August høyrde til, må ein rekne med vart leidde inn i eit talemål som låg vesentleg nærare den danske skriftnorma, altså noko i retning av den varietetet som seinare fekk merkelappen ”fintrøndersk” (jf. Dalen 2008:75). Det betyr på ingen måte at talemålet deira vart oppfatta som rein dansk av samtidige danskar, til det var prosodiske og andre lydlege drag for avvikande i norsk retning. Det er heller ingen klare indikasjonar på at det hadde etablert seg ein eintydig lokal, trondheimsk høgstatusvarietet, men det er grunn til å rekne med at den nokså fokuserte standardnorma var så velkjent og mykje bruka av visse sosiale grupper at ho vart – iallfall til ein viss grad – implementert som del av talemålet, sjølv om ”høgtidsspråket” i si reinaste form var eit tillært og langt meir situasjonsbunde register (jf. Sandøy 2018b:191). Og kanskje kan vi rekne Henrik Angells generasjon, altså dei som lærte å snakke omkring 1790, som den første som vaks opp med eit trondheimsk talemål der delar av det skriftspråklege formverket og ordtilfanget var like mykje til stades som dei lokale folkemålstrekka, altså ein slags lokal ”danna daglegtale”.

Om ein tillèt seg å spekulere litt vidare, kan ein òg førestille seg at den språklege praksisen til Henrik Angell kan ha hatt preg av *bidialektalitet* eller *diglossi*, altså at han rådde over to kodar som han veksla mellom avhengig av kontekst eller samtalepartner. Som Seip (1959:67f) gjer greie for, finst det

fleire vitnesbyrd frå tida omkring 1800 som tyder på at individuell kodeskifting var heller vanleg i overklassa. Mellom anna fortalde dottera til Conradine Dunker (jf. ovanfor) at mora heldt seg med to talespråk: eit dansk-prega mål til bruk i det sosiale livet og eit meir heimleg mål til dagleg (s.st.:67). Ein slik diglossisk tilstand kan eventuelt forklare kvifor Henrik August Angell ser ut til å uttrykke eigarskap til begge dei varietetane han tematiserer i boka si: På den eine sida står han som ein ihuga tilhengar – og kjennar – av høgstatusvarieteten som er tett knytt til skriftstandarden, ”den almindelige Udtale”, men på den andre sida kan det sjå ut til at òg han reknar seg inn i den språkfellesskapen som har eit ”Hverdagssprog” – forresten også omtalt som ”almindelig” – som avvik frå idealet: Angell brukar både ”vort Sprog” og ”vor falske Udtale” når han viser til denne lokale varieteten, og sjølv om ein ikkje skal leggje altfor mykje i ein slik possessivbruk, kan dette lesast som eit uttrykk for at Angell vedstår seg mange av dei trondheimske særdraga, og at dei ligg innanfor det vidfemnande språkrepertoaret hans sjølv om han òg signaliserer ei viss distansering frå dei. At han nemner at folke-målstrekka blir nytta ”af en Deel her paa Stedet (dog langt fraa ikke af Alle)” (s. 40), kan ein òg forstå som at han er klar over at talemålet varierer internt i bysamfunnet.

### 5. Angells lærebok i ein kulturhistorisk samanheng

Eit siste aspekt ved Angells bok *Ledetraad* som skal drøftast her, er korleis ei slik utgjeving kan forståast i lys av ein større kulturhistorisk kontekst. Kva straumdrag i tida fekk ein 25-åring til å forfatte ein slik tekst? Som det går fram av føreordet i boka, er ho meint som ei didaktisk handsrekking til lærar-kollegaer som i likskap med Angell strevar med å halde uønskt språkstoff borte frå skriveopplæringa. Angell har prøvd ut denne tilnærminga på eigne elevar og meiner han har lykkast ”at lede dem til det ønskte Maal”, som han skriv i føreordet. Motivasjonen bak eit slikt prosjekt er nokså lett å forstå når ein ser kva posisjon tanken om ”det rette språket” hadde fått i den dansk-norske staten omkring 1800. Dette var eit tildriv med ei lang forhistorie (jf. ovanfor), men med skuleforordninga frå 1775 vart det ettertrykkeleg slått fast kva språkideologi skuleverket skulle tuftast på. Ein nøkkelperson i denne samanhengen var universitetsprofessoren Jacob Baden (1735–1804) som nådde ut til mange lærarar – og elevar – med sine bøker om morsmålet. Boka hans frå 1785, *Forelæsninger over det Danske Sprog eller Resonneret Dansk Grammatik*, står sentralt, og enda meir lesen vart den omvølte versjonen av denne, *Udtog af Prof. Jacob Badens resonneret danske Grammatik* (1804),

som var i bruk som lærebok ved dei lærde skulane i heile riket, òg på real-skulen i Trondheim (Støren & Schmidt 1956:69). Angell nemner i føreordet sitt nettopp Badens arbeid som eit grunnlag for utgjevinga av *Ledetraad*. Litteraturhistorikaren Knud Lyne Rahbek, som sjølv gav ut ei stillære som vart flittig bruka i norske skular (Rahbek 1802; jf. Brunstad 2001:138), omtaler i 1804 boka til Baden som ”den Grundvold, hvorpaa vor hele nærværende Sprogsmag hviler” (etter Aase 2002:141), og ho fekk utan tvil mykje å seie for oppslutninga om ei smal, felles skriftnorm. Baden stod for eit tydeleg ”språkreinsingsprogram” der alt som kunne minne om norskheiter, den han m.a. omtaler som ”Provincialfeil” (Baden 1785:114), eller andre slags dialektale trekk, skulle ryddast av vegen.

Det same språksynet finn vi att i to andre lærebøker som stod sterkt langt utover på 1800-talet, nemleg den bergenske skulemannen Lyder Sagens (1777–1850) *Dansk Læse- og Declamations-Øvelses-Bog for Børn og Ungdommer* (1808, 1820 og 1834) og *Dansk Stilebog* (1811, 1821 og 1833). Sagen åtvarar mot bruk av ”Provinzialismer” i skrivinga (jf. t.d. Sagen 1811:76), og i leseboka legg han same puristiske grunnsyn for dagen mellom anna gjennom å inkludere eit utdrag frå professor Laurids Engelstofts (1776–1851) skrifter, som sterkt framhevar den plikta skulevesenet har til å trå mot språkleg einskap og reinleik:

Skolen er det Sted, hvor Ynglingen, ved Hjælp af Læsen og hensigtsmessige Øvelser, bedst anføres til rigtig Kundskab om sit Modersmaal. Her forsvinde Dialecter og særegne Provincial-Sprog; thi Staten søger i saa Tilfælde ved eensdanned Skoleundervisning at smelte alle Forskjelligheder sammen til eet Nationalsprog, ligesom Nationen er een. (Etter Sagen 1834:312)

Til liks med Engelstoft såg Sagen ei språkleg fellesnorm som eit sentral middel i det å ”danne og befæste Almeenaand”, som Engelstoft formulerte det: ”Sproget er Statsborgerens kjæreste og hjerteligste Baand; det er deres mest naturlige Foreningspunkt” (s.st.). Indrebø (1951:366) hevdar at Sagen med sine læreverk fremja ”ei systematisk dansking hjå deim som søkte høgrest skular”, heilt inn på 1880-talet. Ein annan sentral norsk skulemann som òg kan tenkast å ha inspirert Angell, var Jacob Rosted (1750–1833), rektor ved katedralskulen i Christiania. I 1806 kom Rosted med eit viktig innlegg i diskusjonen om morsmålsundervisninga, og der tok han til orde for ein strengare språknormal i skulen, grunna på eit ideal om at språkleg ”Fuldkommenhed” ville ”befordre Aandsforædning og den gode Smag” (etter Hyvik 2009:103). Boka til Angell må ein sjå som eit utslag av denne hinkinga mot ein språkleg fellesnemnar. Angell viser tydeleg at ”det Rigtige” er det overordna målet for språkoppleringa han driv med, og vegen dit går gjennom skulen: ”allene Øvelse og Læsning [kan] sige os det Rigtige” (s. 33).

Det språkidealet desse norske skulemennene trådde mot, var altså fundert på både purisme og normhomogenitet. Dette er idear som ofte går hand i hand, sjølv om ein i prinsippet òg kan forfekte språkleg purisme utan særleg syn for normstramleik elles. Når Angell og andre streva for ”det Rigtige”, var det i ei rørsle som kombinerte stram norm og det rette danske, og dermed kan ein sjå publikasjonar som *Ledetraad* som utslag av ein *fordanskingsiver* (jf. Seip 1921:42). Som Indrebø (1951:364) viser, vaks ”agen for ’rett’ skriftmål” på tampen av 1700-talet, og den aukande viljen til riktighet førte med seg ei oppvurdering av lytefri dansk.

Denne språkpuristiske ihugen kan ein spore tilbake til 1600-talet i Danmark (Brodersen, 2003), men det straumdraget som Angells vesle lærebok kan koplast meir direkte til, stammar frå Høegh-Guldbergs *danskhedspolitik* frå 1770-åra. Som vi har vore inne på ovanfor, vart Høegh-Guldberg etter kvart ein sentral politisk aktør i riket, med eit særleg blikk for det vi i dag vil kalle kulturpolitikk, der òg språkstyring vart eit viktig tema (Hyvik 2009:56f.). Gjennom den språkpolitikken han etter kvart fekk høve til å setje i verk, vart det danske språket løfta fram på mange felt, særleg i skuleverket, men òg i hæren, som i 1772 vart pålagt å bruke dansk som kommandospråk i staden for tysk (Feldbæk 1991:186). No skal det understrekast at det tyske språket i praksis heldt godt på posisjonen sin i statsapparatet enda nokre tiår (Winge 1991:128ff), og da Høegh-Guldberg mista maktposisjonen sin i 1784, kan ein seie at dei tyske interessene fekk att noko av fotfestet, mens vektlegginga av dansk språk og identitet vart vesentleg svakare på det politiske nivået (Hyvik 2009:65). Men medvitet om ein særeigen språkleg og kulturell *danskhed* var vekt for alvor; temaet interesserte mange i dei intellektuelle krinsane, og rett-skrivingsdebattane florerte (Kolsrud 1974:9ff; Skautrup 1953:161ff). Den purismen som fekk ny tilskuv i Høegh-Guldberg-perioden, hadde klare trekk av å vere etnisk definert, altså at grunnlaget for reinsinga var skilnadar mellom t.d. ”det danske” og ”det tyske”. Men trass i dette separasjonsfokuset meiner Hyvik (2009:55) at den danske purismen i hovudsak var før-nasjonalistisk, og at den nasjonalistiske ideologiseringa kjem inn i språk- og kulturpolitikken først seinare.

Når Angell i boka si dyrkar ”det Rigtige”, dvs. ”det Danske”,<sup>22</sup> skal ein altså ikkje forstå dette som ei nasjonalistisk åtgjerd. Sjølv om språkpurismen appellerte til patriotiske og nasjonalistiske idear som kom på banen på slutten av 1700-talet, må ein først og fremst sjå *Ledetraad* som eit avkom av opplys-

---

<sup>22</sup> Eit (rett nok nokså mildt) utslag av purisme ser vi i følgjande utsegn om ”fremmede Ords Retskrivning” (s. 37): ”Den i de døde og levende Sprog mindre Kyndige bør derfor især søge at undgaae Brugen af fremmede Ord, naar gode ægte Danske gives”.

ningstidas ideal. At det rasjonalistiske tankegodset ligg langt framme i medvititet til Angell, ser ein mellom anna i nokre av dei bruksdøma han fører opp. Her eit eksempel på ”en sammensat Periode” (s. 15): ”Ettersom Fornuften, naar den bliver dyrket, kan veilede os; saa er det vor Pligt at berige den med nyttige Kundskaber.” Den standardiseringa som følgde med purismen, var i dette perspektivet naudsynt for folkets danning og kultivering, og *folket* var her ein storleik ramma inn av ein patriotisme i før-moderne tyding, altså som eit medvitssteg *før* nasjonalismen (Brunstad 2003:55f). Dette engasjementet for opplysning er til stades også i *Ledetraad*, og Angell bruka mykje tid og krefter på skulevesenet og anna folkeopplysning gjennom livet.<sup>23</sup> Men jamvel om Angell ser ut til å ha vore ein velmeinande og godhjarta mann, må ein òg ta med at dyrkinga av det beste språket handla om framheving av kulturell overlegenheit (Sandøy 2018a:212). Den språkvarieteteten som vart løfta fram i publikasjonar som dette, inngjekk i dei kulturformene som korresponderte med dei overlegne tanke- og åndsevne til dei danna klassene, særleg embetsstanden. Det å meistre det ”polerte” språket var ein del av å kunne og vite det beste, og belæringa av dei lågare stendene, med mål om å tilføre dei den danninga som landets utvikling og opplysning var avhengig av, bar preg av eit sterkt åndshovmod (s.st.; jf. Skard 1938:24f). Den påfallande sterke puristiske ihugen i Noreg utover i 1810-åra, som altså innebar ei paradoksal dyrking av danskheit også etter unionsbrotet (Indrebø 1951:366f), kan ein sjå som følgja av eit slag sjølvhevding frå nettopp embetsstanden si side, der klassiske ideal om danning vart vektlagde og hadde stor sosial prestisje (Brunstad 2001:313; Skard 1938:29). Den norske embetsmannseliten var ikkje utan vidare med på utviklinga i nasjonal lei, men heldt fast på klassiske ideal, òg i den språklege danninga. Ikkje minst fordi dei på denne måten kunne markere si overlegenheit som styringselite – både andsynes bøndene og det meir nytteorienterte borgarskapet som dei meinte stod lågare i danning og karakterstyrke (Brunstad 2001:213).

Det er velkjent at det fanst andre syn på verdien til kulturformene til allmugen, og at dette fekk mykje å seie for det språkpolitiske ordskiftet i dei komande tiåra da nasjonalromantiske straumdrag fekk større tilslutning, men den tråden nøstar eg ikkje vidare på her. Eit hovudpoeng er at Henrik Angell ikkje viser spor av eit slikt nasjonalt sinna tankegods i utforminga av boka si. Framstillinga hans er tvert imot tydeleg fundert i det Skard (1938) kallar embetsklassisisme, der stilidealet er ”Reenhed, Rigtighed, Tydelighed og

---

<sup>23</sup> At sokneprest Angell interesserte seg sterkt for ”nyttige Kundskaber” som låg langt på sida av det religiøse, ser ein òg av at han etter kvart gav ut fleire små opplysningsskrift om så ulike tema som korndyrking, åkervatning, bygningsteknikk og teglbrenning (jf. Kraft 1863:19; Mykland 1955:285).

Passelighed”, som Rahbek formulerer det i læreboka som vart nemnt ovanfor (jf. Schnitler 1911:449). Som fleire andre embetsmenn og skulelærarar i samtida oppfattar Angell avstanden mellom skrift og tale som eit pedagogisk problem, og han skriv rett ut at vi bør ”søge i Udtalen at nærme os Skriftsproget; da dette ikke allene leder til lettere at skrive rigtigt, men er og behageligere for Øret” (s. 40). Slik fører han fram både funksjonelle og estetiske grunngevingar for språkstyringa, og han kjem med få modifikasjonar når han gjeter hjorda mot den rette dansken. Det einaste atterhaldet er at tilnærminga til skrifta ikkje må skje ”med latterlig Stivhed” (s.st.). Alt med måte, altså, men elles er rein og rett dansk endemålet, og med denne boka utstyrer Angell den trønderske lesaren med ei mengd framlegg til fordanskingar – til det beste for alle.

### *Kjelder*

- Baden, Jacob (1785). *Forelæsninger over det Danske Sprog eller Resonneret Dansk Grammatik*. København: P. Horrebow.
- Baden, Jacob (1804). *Udtog af Prof. Jacob Badens resonneret danske Grammatik*. København: Fr. Brummers Forlag.
- Birket-Smith, S[ophus] (1912). *Kjøbenhavns Universitets Matrikel. 3. Bind. 1740–1829*. København: Hegerup's Boghandel.
- Brodersen, Randi B. (2003). Purismen i Danmark – en succes? I: Sandøy, H., Brodersen, R. & Brunstad, E. (red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 14. Volda: Høgskulen i Volda. S. 111–146.
- Brunstad, Endre (2001). *Det reine språket. Om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk*. Avhandling til doctor artium-graden. Bergen: Universitetet i Bergen. Digital versjon: [http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/3860/Dr.thesis\\_Endre\\_Brunstad.pdf](http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/3860/Dr.thesis_Endre_Brunstad.pdf)
- Brunstad, Endre (2003). Purismeomgrepet gjennom 2000 år. I: Sandøy, H., Brodersen, R. & Brunstad, E. (red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 14. Volda: Høgskulen i Volda. S. 37–64.
- Bugge, Edit (2018). Talemålet i byer og industristeder. I: Mæhlum, B. (red.), *Norsk språkhistorie. II Praksis*. Oslo: Novus forlag. S. 231–240.
- Bull, Ida (1998). *De trondhjemske handelshusene på 1700-tallet : slekt, hushold og forretning*. Skriftserie fra Historisk institutt nr. 26. Trondheim: NTNU.
- Bull, Ida (2014). København som Norges hovedstad: Når måtte nordmenn forholde seg til København? *Historiske meddelelser om København. Årbog for Selskabet for Københavns Historie 2014*, s. 6–26.
- Dalen, Arnold (1991). Trondheimsålet på 1600-talet. *Det kongelige Norske Videnskabers Selskabs Forhandlinger 1990*, s. 39–46.
- Dalen, Arnold (1993). The Emergence of an Urban Dialect. I: Viereck, W. (red.), *Historische Dialektologie und Sprachwandel. Verhandlungen des Internationalen Dialektologenkongresses. Bamberg 29.7–4.8. 1990*. Stuttgart: Franz Steiner Verlag. S. 42–49.

- Dalen, Arnold (1999). Contributing factors in the making of the post-medieval urban dialect of Trondheim. I: Jahr, E.H. (red.), *Language Change – Advances in Historical Sociolinguistics*. Berlin-New York: Mouton De Gruyter. S. 291–304.
- Dalen, Arnold (2006). Hans Olufsen Nysted som kjelde til kunnskap om bymålet i Trondheim på 1600-talet. I: Hagland, J.R. (red.), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005*. DKNVS Skrifter 1. Trondheim: Tapir. S. 65–79.
- Dalen, Arnold (2008). Trøndermåla ca. 1950–1850. I: Dalen, A. mfl., *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. DKNVS Skrifter 3. Trondheim: Tapir. S. 19–82.
- Dichman, Carl F. (1800). *Forsøg til en dansk Sproglære*. Kjøbenhavn: Joh. Fred. Schultz.
- Dunker, Conradine (1903). *Nogle breve fra fru Conradine Dunker f. Hansteen (1850–1855)*. Aftryk av Trondhjemske Samlinger. Trondhjem: Aktietrykkeriet.
- Dörnbrack, Nora (2019). *Flerspråklighet og språkkontakt på 1700- og 1800-tallet i Trondheim*. Upublisert masteroppgåve i nordisk språk. Trondheim: NTNU.
- Engelstoft, L[aurids] (1808). *Universitets og Skole-Annaler*. 2. bind. Kjøbenhavn: Seidelin.
- Erichsen, A[ndreas] E[mil] (1911). *Trondhjems katedralskoles historie*. Trondhjem: F. Bruns Bokhandel.
- Erlandsen, Andreas (1844). *Biographiske Efterretninger om den Nordenfjeldske Geistlighed*. Christiania: Guldberg & Dzwonkowski.
- Feldbæk, Ole (1991). Fædreland og Indfødsret. 1700-tallets danske identitet. I: Feldbæk, O. (red.), *Dansk identitetshistorie I. Fædreland og modersmål 1536–1789*. København: C.A. Reitzels Forlag. S. 111–230.
- Halse, Per (2011). *Gudsord og folkespråk. Då nynorsk vart kyrkjemål*. Kyrkjefag Profil nr. 16. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Hansen, Mauritz C. (1822). *Forsøg til en Grammatik i Modersmaalet*. Christiania: Det Wulfbergske Bogtrykkerie.
- Hellevik, Alf (red.) (1966). *Norsk Ordbok. Band I*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Henriksen, Carol[ine] (2005). Danmark-Norges første sociolingvist. I: Alhaug, G., Mørck, E. & Pedersen, A.-K. (red.), *Mot rikare mål å trå. Festskrift til Tove Bull*. Oslo: Novus forlag. S. 5–16.
- Henriksen, Caroline C. (red.) (1976). *Dansk rigssprog – en beskrivelse fra 1700-tallet*. København: Akademisk Forlag.
- Hoel, Oddmund L. (1996). *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Hyvik, Jens Johan (2009). *Språk og nasjon 1739–1868. Norsk målreising I*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hårstad, Stian (2010). *Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Avhandling for graden philosophiae doctor. Doktoravhandlingar ved NTNU, 2010:141. Digital versjon: <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/243705>
- Indrebø, Gustav (1951). *Norsk målsoga*. Utg. av P. Hovda og P. Thorson. Bergen: John Griegs boktrykkeri.
- Iversen, Ragnvald (1921). *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630. 1: Utsyn over lydverket*. Kristiania: J. Dybwad.



- Jacobsen, Henrik Galberg (2010). *Ret og skrift. Officiel dansk retskrivning 1739–2005. Bind 1: Direktiver, aktører, normer*. Dansk Sprognævns skrifter 42. Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Kallmeyer, Werner (1987). Stadtsprache als ein Schwerpunkt soziolinguistischer Forschung in Europa. *Sociolinguistica*, 1, 80–99.
- Knudsen, Knud (1856). *Haandbog i Dansk-Norsk Sproglære*. Kristiania: Abelsted.
- Kolsrud, Sigurd (1921). Kringum maalskiftet. *Norsk aarbok 1921*. Bergen. S. 70–91.
- Kolsrud, Sigurd (1974). *Rettskrivningsspørsmålet i Danmark og Noreg 1775 til ikring 1814*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXIX. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kraft, Jens E. (1863). *Norsk Forfatter-Lexicon 1814–1856*. Christiania: J. Dahls Forlag.
- Landmark, Joh[an] D[aniel] (1925). Gamle trondhjemsbreve fra familien Dunker. I: *Trondhjemsiana. Til Theodor Petersen paa hans 50-årsdag 6. februar 1925*. Trondhjem: Trondhjems historiske forening. S. 126–165.
- Larsen, Amund B. (1907). *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Kristiania: Cammermeyer.
- Mykland, Knut (1955). *Fra Søgaden til Strandgaten. 1807–1880*. Band III av *Trondheim bys historie* (hovudred. J. Schreiner). Trondheim: Trondheim kommune (F. Bruns Bokhandels forlag).
- Mæhlum, Brit (2011). "A Den of Iniquity" or "The Hotbed of Civilization"? Urban areas as locations for linguistic studies in Norway: A historiographical perspective. I: Gregersen, F., Parrott, J.K. & Quist, P. (red.), *Language Variation – European Perspectives III*. Amsterdam: John Benjamins. S. 239–254.
- Nes, Oddvar (2005). The development of Norwegian local dialects and Dano-Norwegian from the mid 16th century to 1800. I: Bandle, O. mfl. (red.), *The Nordic languages. An international handbook of the history of the North Germanic languages*. Band II. Berlin: de Gruyter. S. 1291–1301.
- Nesse, Agnete (2002). *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Det Norske Videnskaps-Akademi. Skrifter og avhandlinger. 2. Hist.-Filos. Klasse (nr. 2). Oslo: Novus forlag.
- Nesse, Agnete (2004). Bergensdialekten – et språkkontaktresultat. *Folkmålsstudier*, 43, 87–102.
- Nissen, Niels L. (1801). *A. J. Sylvestre de Sacys Grundtræk af Almindelig Grammatik, indrettede efter Børns Fatteevne, til Indledning for Underviisningen i alle Sprog. Paa Dansk udgivet, og med Grundtræk af Dansk Grammatik forøget*. Kjøbenhavn.
- [NLI=] Norsk lokalhistorisk institutt (1988 [1739]). *Instruction for Degne, Klokkere og Skoleholdere paa Landet i Norge*. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt. [Kjøbenhavn: Hans Kongl. Majsts. og Universitets Bogtrykkerie]
- Nuolijärvi, Pirkko (2001). Begreppet stadsmål och den urbana dialektologin. I: Blomquist, M. (red.), *Våra språk i tid och rum*. Helsingfors: Helsingfors universitet. S. 123–133.
- Oftedahl, Lars (Lauritz) A. (1820). *Almindelig Grammatik eller Indledning til Underviisning i alle Sprog, fremsat efter en ny Methode*. Christiansand: O.P. Moe.
- Osnes, Hans (1939–1949). *Strinda bygdebok I–III*. Trondheim: Strinda bygdebokkomite (band II og III i kommisjon hos F. Bruns bokhandels forlag).
- Pedersen, Inge Lise (2005). Processes of standardisation in Scandinavia. I: Auer, P., Hinskens, F. & Kerswill, P. (red.), *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*. Cambridge: Cambridge University Press. S. 171–195.

- Pedersen, Inge Lise (2009). The social embedding of standard ideology through four hundred years of standardisation. I: Maegaard, M., Gregersen, F., Quist, P. & Jørgensen J.N. (red.), *Language attitudes, standardization and language change*. Oslo: Novus. S. 51–68.
- Plum, Frederik (1802). *Haandbog for Lærere og Opsynsmænd ved Borger- og Almue-Skolerne*. Odense.
- Rahbek, Knud L. (1802). *Om den danske Stil. Et Forsøg*. [Utvida utg., 1813]. København: J.F. Schultz's Forlag.
- Røyneland, Unn & Mæhlum, Brit (2011). "Lasternes Hule" eller "Civilisationens Arnstedt"? Byens posisjon i norsk talemålsforskning. I: Jørgensen, J.G. & Vikør L.S. (red.), *Nordiskfaget – tradisjon og fornying*. Oslo: Novus Forlag. S. 69–96.
- Sagen, Lyder (1808). *Dansk Læse- og Declamations-Øvelses-Bog for Børn og Ungdommer*. Bergen: Grønnings Forlag. [2. utgåve, 1820]
- Sagen, Lyder (1811). *Dansk Stilebog eller Stof til skriftlige Forstands- og Sprog-Øvelser for Børn og Ungdommen*. Bergen: Chr. Dahl. [2. utgåve, 1821; 3. utgåve, 1833]
- Sagen, Lyder (1834). *Læsebog for Børn og Ungdommen til Brug ved Underviisningen i Modersmaalet*. Bergen: Grønnings Enke.
- Sandøy, Helge (1989). Holdningar til bydialektar i Noreg. *Tijdschrift voor skandinavistiek*, 10, 59–81.
- Sandøy, Helge (2018a). Norsk talemål i tida frå 1600 til 1800. I: Mæhlum, B. (red.), *Norsk språkhistorie. II Praksis*. Oslo: Novus forlag. S. 190–212.
- Sandøy, Helge (2018b). Idéhistoria om norsk språk. I: Bull, T. (red.), *Norsk språkhistorie. III Ideologi*. Oslo: Novus forlag. S. 149–244.
- Schmidt, Olaus (1947). Slekten Angell. *Trondhjemske Samlinger. Trondhjems historiske forenings årsskrift 1947*, 5–70.
- Schnitler, Carl W. (1911). *Slegten fra 1814. Studier over norsk embedsmanskultur i klassicismens tidsalder 1814–1840*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Seip, Didrik A. (1916). Om skriftsprog og norsk uttale før 1800. *Maal og Minne*, 129–146.
- Seip, Didrik A. (1921). *Dansk og norsk i Norge i eldre tider*. Kristiania: Steenske Forlag.
- Seip, Didrik A. (1959). *Norsk og nabospråkene i slutten av middelalderen og senere tid*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Skard, Sigmund (1938). *A. O. Vinje og antikken. Studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi.
- Skautrup, Peter (1953). *Det danske sprogs historie. Tredie bind. Fra Holbergs komedier til H.C. Andersens eventyr*. København: Gyldendalske Boghandel.
- Skjelbred, Dagrun (2010). *Fra Fadervår til Facebook. Skolens lese- og skriveopplæring i et historisk perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget
- Smith, Laurids (1946). *Fortrolige brev om Trondhjem og trønderne*. Trondheim: Den litterære klubb i Trondheim (F. Bruns bokhandels forlag).
- Sogner, Bjørn (1962). *Kjøpstad og stiftsstad 1537–1807*. Band II av *Trondheim bys historie* (hovudred. J. Schreiner). Trondheim: Trondheim kommune (F. Bruns bokhandels forlag).
- Støren, Wilhelm K. & Schmidt, Olaus (1956). *Trondhjems Borgerlige Realskole 1783–1956*. Trondheim: Direksjonen ved TBR.
- Supphellen, Steinar (1997). *Innvandrernes by*. Band II av *Trondheims historie 997–1997* (hovudred. J. Sandnes). Oslo: Universitetsforlaget.

- Thaulow, Chr[istian] (1919). *Personalhistorie for Trondhjems by og omegn i et tidsrum af circa 1½ aarhundrede*. Trondhjem: A. Holbæk Eriksen & Co.
- Tilset, Arnt (1924). *Målet i Strinda i Sør-Trøndelag*. Norske Målføre IX. Oslo: Studentmållaget.
- Torp, Arne & Vikør, Lars S. (1993). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Weidling, Tor (2000). *Eneveldets menn i Norge. Sivile sentralorganer og embetsmenn 1660–1814*. Skriftserie 7. Oslo: Riksarkivaren.
- Wiggen, Geirr (2004). *Språkkulturen i Christianias beaumonde. Opplysninger om språk og språkbruk ca. 1790–1830 i Conradine Dunkers brev til Christopher Hansteen*. DKNVS Skrifter 4. Trondheim: Tapir.
- Winge, Vibeke (1991). Dansk og tysk 1790–1848. I: Feldbæk, O. (red.), *Dansk identitetshistorie II. Et yndigt land. 1789–1848*. København: C.A. Reitzels Forlag. S. 110–149.
- Winsnes, Hans M. (1807). *Vinteraftener, anvendte paa Betragtninger over Tvillingfolkets Sprog mellem gode Venner*. København: Hegelunds Forlag.